

Møtebok 2 – 21, Lykling sokneråd 14.04.21

Onsdag 14.04.21, kl 19:00 i Lykling kyrkje.

Rådsmedlem:

Fridleif Lydersen, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Desse møtte ikkje: Sissel S. Gåsland og Heidi Vold Ådnanes

Vert: Elisabeth Bjørnevik/Linda S. Gunnarsjaa. **Ord for dagen:** Fridleif Lydersen

Saksliste:

Sak 11-21 Godkjenning av referat og innkalling.

Merknad: neste soknerådsmøte 19.05.21, ikkje 19.04.21

Sak 12-21 Meldingar og skriv

Info i mail frå FL: «Hjemmesiden er ikke ferdig oppdatert ennå, så jeg tror vi kan vente til å gå ut med den på Facebook». (Bømlø kyrkja- ny nettside! Link til denne inn på Lykling kyrkje si FB-side?)

Diakoniplan revidert i 2020. Sak til hausten. Sissel kan komme på soknerådsmøte for å snakke om den. Info i mail frå FL. Vidaresendt til soknerådsmedlemma.

Fridleif Lydersen snakker med Sissel angående dato for hausten.

Mail frå sjømannskyrkja med takk for offergåva på 1800kr

Takk for blomehelsing til 80-årsdag frå medlem i Lykling kyrkje

Årsrapport frå Estlandskomiteen, frå AL. Skal denne inkluderast i kyrkja si årsmelding?

Årsrapporten skal ikkje inkluderast i kyrkja sin årsrapport. Den blir trykt opp i fleire eksemplar til utdeling på årsmøtet.

Sak 13-21 Gjennomføring av gudstenester utover våren.

Gudsteneste i kyrkja igjen. Frå faste plassar til tilviste plassar. Tal. Stadige endringar! Kan soknepresten oppdatera oss her?

Stadige endringar som me har blitt vant med i løpet av året. Første gudsteneste i Lykling kyrkje vert konfirmasjonsgudstenesta 9.mai. Den vert berre for dei 3 konfirmantane og deira familiar, då kyrkja berre kan ta imot 30 besøkande.

Sak 14-21 Årsmøte og soknemøte for Lykling kyrkje tysdag 11.mai kl 19:00

Utkast til årsmøtet: Budsjett, rekneskap, årsmelding. Lokal grunnordning, OK.
Opplysning om årsmøtet og soknemøtet vert gitt på plakatar. Fridleif Lydersen skriv plakat. Plakatane vert sett opp på Joker Finnås, Sakseie Gartneri og eventuelt Finnås Auto. Ansvar: Elisabeth Bjørnevik og Astri L. Sakseide.
Opplysning om årsmøtet og soknemøtet vert lagt ut på kyrkja si heimeside.
Ansvar: Fridleif Lydersen

Årsmeldingar vert lagt ut på kyrkja si heimeside i god tid før årsmøtet. Ansvar: Fridleif Lydersen.

Sak 15-21 Temakveld: Påskesong, 25.mars kl 19:00

Temakvelden gjekk ut grunna korona. Kan nemnast her at det var digitale gudstenester frå dei 4 kyrkjene i Bømlo i påsken. Frå Lykling kyrkje Langfredag.
Gode tilbakemeldingar på dei digitale gudstenestene. Mange har følgd dei, og mange har gitt positive kommentarar.
Fastekalenderen, sendt frå Lykling kyrkje kvar onsdag i fastetida har vore godt motteke. Mange positive tilbakemeldingar også her.
Det blei stilt spørsmål ved offeret til Lykling kyrkje 2.påskedag. Linda Gunnarsjaa etterspør her.

Sak 16-21 Konfirmasjon 2021

Konfirmantgudstenesta i Bremnes kyrkje 18.april. Konfirmantfest: Pizza for konfirmantane etter gudstenesta. Kva for oppgåver/ansvar har soknerådet?
Konfirmantgudstenesta vart avlyst grunna koronarestriksjonar. Konfirmantane m/foreldre blei orientert om dette av kyrkjelydspedagog Liv Merete Fylkesnes Pedersen! Soknerådsleiar fekk informasjon frå henne.
I staden for Konfirmantgudstenesta i Bremnes kyrkje blir det ei digital gudsteneste som blir obligatorisk å sjå for konfirmanten, gjerne saman med heile familien. Gudstenesta blir sendt 18.april kl 11:00 på Lykling kyrkje si FB-side, og på youtube.
Det blei stilt spørsmål ved offeret til Lykling kyrkje 18.april. Linda Gunnarsjaa tek kontakt med kyrkjekontoret.

Det vert konfirmasjon i Lykling kyrkje i mai og i september. 3 konfirmantar i mai og 9 konfirmantar i september.

Eg har sendt ein forespørsel til dykkarklubben v/Øystein Gjerde om ein utflukt med konfirmantane første veka i juni, laurdag 05.06.21. Dersom arrangementet let seg gjennomføra, og dykkarklubben kan stilla, håper eg nokon av dykk i soknerådet har høve til å vera med. Me treng to personar.

Vårens siste konfirmant arrangement med dykkarklubben, som skulle vore gjennomført i april, blir forsøkt gjennomført 05.juni, dersom det passer for dykkarklubben, og koronarestriksjonane tillet det.

Elisabeth Bjørnevik, Johannes Bernhard Hjelland og Linda S. Gunnarsjaa har notert seg dato og reknar med det skal passe for dei å vera med.

Tillegg under sak 16 -21

Pr 17.04.21:

Oppdatering på konfirmantkappene i Lykling kyrkje:

Konfirmantkappene- 25 stk. er nyvaska og strokne, litt småsaum, klar for bruk.

Storleik	Tal på kapper	Storleik	Tal på kapper
34	1	42	4
36	2	44	4
38	3	46	4
40	1	48/52	4/2

Sak 17-21 Soknerådet - Fellesrådet sitt mandat

I samband med dei siste sakene i høve konfirmasjon 2021 har soknerådet blitt presentert for nokre hastesaker, og bedt om å gjera vedtak utanom fastsett møtedato. Sakene har vore vanskelege å ta stilling til, særleg via drøfting på Messenger, men vedtak har blitt gjort. Medlem av soknerådet har til dels opplevd det som frustrerende og tidkrevjande.

Kva for mandat er gitt sokneråda i høve arbeidsoppgåver, ansvar og vedtak?

I Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd står det litt om tema, kap 3, side 46-48, p.3.1 og 3.2. Kva kan me lesa og forstå ut av dette?

Litt drøfting her. Soknerådet forstår mandatet som er gitt oss i høve arbeidsoppgåver. Soknerådet har eit «negativt avgrensa» ansvar, noko som inneber at soknerådet sitt ansvar faktisk er alt som ikkje konkret er lagt til anna hold.

Sak 18-21 Frå førre møte. Sak 06-21

Haut 21: Felles temakveld for heile Bømlo. Tema sorg.

Kan soknepresten oppdatera soknerådet i saka?

Temakvelden blir som planlagt 20.oktober. Det er gjort avtale med foredragshaldaren.

Sak 19-21 Gudsteneste i Lykling kyrkje 17.mai 2021

Kan gudstenesta gjennomførast? Vert det begrensingar, eller opna for alle som ønskjer? Noko soknerådet kan gjera i førebuingarbeidet?

Det blir digital gudsteneste 17.mai. Linda Gunnarsjaa kontaktar kyrjekontoret angående offer. Krans v/minnestøtta. Ansvar? Soknerådsleiar undersøker.

Sak 20-21 Ymse

Vertinne / vert til neste soknerådsmøte?

Inger Johanne Sele

Neste soknerådsmøte onsdag 19.05.21, kl 19:00

NB!Endra dato for neste soknerådsmøte, til torsdag 3.juni kl 19:30 i Lykling kyrkje

Referent: Inger Johanne Sele